



DET KONGELEGE
BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 49

(2001-2002)

Om lov om endringar i lov 7. juni 1996
nr. 31 om Den norske kirke
(kirkeloven)

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av 15. mars
2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Kultur- og kyrkjedepartementet legg med dette fram forslag til lov om endringar i lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke (kirkeloven). Forslaga gjeld visse endringar i kyrkjelova §§ 14 og 15 som regulerer ansvar og oppgåver knytt til reiseutgiftene for prestane og utgifter til bustadtelefon for prestane. Lovforslaga har bakgrunn i St.meld. nr. 14 (2000-2001) Børs og katedral - om økonomien i Den norske kyrkja, jf. Innst. S. nr. 187 (2000-2001).

2 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I St.meld. nr. 14 (2000-2001) vart det gjort greie for utviklinga av den lokale kyrkjeøkonomien det siste tiåret. I meldinga vart drøfta den økonomiske ansvarsdelinga mellom staten og kommunane på det kyrkjelege området. Det vart foreslått at reiseutgiftene til prestane, som kommunane etter kyrkjelova § 15 har det økonomiske ansvaret for, vart ført over til staten. I Innst. S. nr. 187 (2000-2001) slutta kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen seg til dette.

Departementet viser til dette og foreslår no dei endringane i kyrkjelova som heng saman med denne saka. Det økonomiske ansvaret som kommunane har for reiseutgiftene til prestane etter kyrkjelova § 15, blir etter dette foreslått oppheva.

Etter kyrkjelova § 14 er sjølve utbetalinga av reisegodtgjersle til prestane eit ansvar for det kyrkjelege fellesrådet i kommunen. Dette er eit resultat av at kommunen har det finansielle ansvaret. Departementet foreslår at denne oppgåva til fellesrådet fell bort i samband med at staten tek over det økonomiske ansvaret for reiseutgiftene for prestane.

I tillegg til ansvaret for reiseutgiftene for prestane, meiner departementet det er naturleg at staten òg får det økonomiske ansvaret for å dekkje utgiftene til bustadtelefon for prestane. Etter kyrkjelova § 15 har kommunane dette ansvaret i dag.

3 Høyring

Departementet har ikkje sett grunn til å gjennomføre vanleg høyring av lovforslaget. Den viktigaste endringa gjeld oppheving av det lovfesta økonomiske ansvaret som kommunane har når det gjeld reiseutgiftene til prestane. Realiteten i denne saka vart drøfta i St.meld. nr. 14 (2000-2001), jf. Innst. S. nr. 187 (2000-2001).

4 Generelle merknader frå departementet

I alle kommunar skal det vere eit kyrkjeleg fellesråd. Kyrkjelova § 14 regulerer ansvaret og oppgåvene til det kyrkjelege fellesrådet. Fellesrådet er sett saman av medlemmer frå dei valde sokneråda i kommunen. I tilfelle det berre er eitt sokneråd i kommunen, har soknerådet dei oppgåvene fellesrådet har etter kyrkjelova.

Det økonomiske ansvaret som kommunen har for kyrkja, er regulert i kyrkjelova § 15. Etter kyrkjelova § 15 første leddet, bokstav f, skal kommunen, etter forslag frå fellesrådet, utgreie *«utgifter til reiser, kontorhold og boligtelefon for prester.»* Etter kyrkjelova § 14 andre leddet, bokstav f, er det fellesrådet som er ansvarleg for *«utbetaling av godtgjørelser til prester for reiser og boligtelefon for prester etter regler gitt av departementet.»* Etter kyrkjelova har dermed kommunen det finansielle ansvaret for reiseutgiftene og bustadtelefon til prestane, medan fellesrådet har ansvaret for å administrere og utbetale desse godtgjerslene.

Som nemnd vart spørsmålet om statleg overtaking av reiseutgiftene for prestane omtala i St.meld. nr. 14 (2000-2001), der departementet foreslo slik omlegging. I meldinga heiter det om dette:

«Vesentlege delar av prestetenesta gjeld oppgåver i samband med gudstenester og kyrkjelege handlingar, heimebesøk, sjelesorg m.m. Dei økonomiske rammevilkåra for tenestereisene kan mange stader ha stor verknad for prestetenesta i det heile. Særleg i landdistrikt og i kyststrok er reiseutgiftene til prestane ein vesentleg del av dei utgiftene kommunane har til kyrkja. Både kommunane og dei kyrkjelege fellesråda må sjå desse utgiftene i samanheng med andre utgiftsområde innanfor kyrkjesektoren.

Sidan ansvaret for styringa og leiinga av prestetenesta ligg til biskopane og bispedømmeråda, som i denne samanhengen er statlege forvaltningsorgan, meiner departementet - av prinsipielle og styringsmessige grunnar - at det økonomiske ansvaret for reiseutgiftene til prestane bør liggje til staten. Forsøka med nyorganisering av prestetenesta viser dessutan at det kan bli vanskeleg å realisere ei nyorganisering på rasjonell måte utan at reiseutgiftene til prestane blir førte over til staten. Slik endring av ansvarsfordelinga mellom kommunane og stat vil òg vere meir i samsvar med det finansielle ansvarsprinsippet, som går ut på at den som har ansvaret for ei oppgåve, òg skal ha finansieringsansvaret. Det er elles slik at visse reiseutgifter som gjeld prestetenesta, blir dekte av staten i dag, mellom anna reiser for vikarar. Dersom staten tek det fulle ansvaret for reiseutgiftene til prestane, vil det samla sett kunne bli ei forenkling på området.

Departementet viser til dette og legg til grunn at staten bør ta over det ansvaret kommunane i dag har for reiseutgiftene til prestane.»

I Innst. S. nr. 187 (2000-2001) slutta Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen seg til forslaget. I Innst. S. nr. 187 (2000-2001) heiter det:

«Komiteen viser til at Regjeringen vil videreføre den direkte statlege finansiering av presteskapet. Komiteen er enig i dette. Videre er komiteen enig i at staten overtar ansvaret for reiseutgiftene.»

Av omsyn til tenesta har alle prestar krav på å få dekt utgifter til bustadtelefon av det offentlege etter dei allmenne reglane som gjeld. Det finansielle ansvaret her ligg til kommunen etter kyrkjelova § 15. Spørsmålet om staten burde ta over desse utgiftene, vart ikkje behandla i St.meld. nr. 14 (2000-2001). Fordi prestane er statstenestemenn, meiner departementet det er naturleg at staten har ansvaret for desse utgiftene, slik som for reiseutgiftene, og kan ikkje sjå det ligg føre praktiske eller andre omsyn for at desse utgiftene framleis bør vere eit kommunalt ansvar. Utgiftene til kontor og kontorhald for prestar kjem i ei anna stilling. Desse utgiftene må bli sedde i samanheng med utgifter til kontor og kontorhald for andre kyrkjeleg tilsette i kyrkjelydane, for slik å få ei rasjonell samordning og integrering av prestekontoret og det lokale kyrkje-kontoret. Den statlege løyvinga til kontorhaldet for prestar vart på denne bakgrunnen innarbeidd i det generelle tilskottet frå staten til dei kyrkjelege fellesråda frå 1. januar 1999, jf. St.prp. nr. 1 (1998-1999).

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Prestane er statstenestemenn. Lønn og andre driftsmidlar til prestetenesta vert løyvd over statsbudsjettet kap. 341. Det er bispedømmeråda som forvaltar driftsløyvinga til presteskapet. Utgiftene til reiser og bustadtelefon for prestane vil for framtida bli budsjettert som del av den statlege driftsløyvinga til presteskapet.

Departementet har for åra 1999 og 2000 innhenta oppgåver frå dei kyrkjelege fellesråda om omfanget av reiseutgiftene til prestane. Oppgåvene frå fellesråda for desse åra viser at utgiftene kan reknast til mellom 20 og 25 mill. kroner per år. Dei samla utgiftene til bustadtelefon for prestane er rekna til om lag 4 mill. kroner per år. Etter omlegginga vil det vere bispedømmeråda som får ansvaret for å utbetale reisegodtgjersle til prestane, og for å dekkje utgiftene til bustadtelefon. Dei oppgåvene fellesråda har hatt på desse områda, vil falle bort. Det er i dag om lag 1 250 prestestillingar som omlegginga har verkna for.

I tråd med St.meld. nr. 14 (2000-2001), sjå Innst. S. nr. 187 (2000-2001), er det ein føresetnad at staten ikkje skal få meirutgifter ved omlegginga. Som følge av at kommunane og fellesråda får redusert sine oppgåver og sitt ansvarsfelt ved at staten får det direkte økonomiske ansvaret for utgiftene til reiser og bustadtelefon for prestane, vil omlegginga bli finansiert ved reduksjon i rammetilskottet frå staten til kommunane. Departementet tek sikte på at nyordninga skal gjelde frå 1. januar 2003. Dei budsjettmessige konsekvensane vil departementet komme tilbake til i statsbudsjettet for 2003.

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke (kirkeloven) .

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke (kirkeloven) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringer i lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke (kirkeoven)

I

I lov 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke (kirkeoven) vert gjort følgjande endringer:

§ 14 første ledd bokstav f) vert oppheva.

§ 15 første ledd bokstav f) skal lyde:

–f) utgifter til kontorhold for prester.

II

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.
